

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Velfjord.

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Strompdal.

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko etter eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fleire heimsmenn.

SVAR

1. Nemninga eng vart her nyttा om heimeeng og utslåttar. Ein hadde elles andre nemningar med same tyding som eng. Hejmjorda var kanskje det mest nyttा for heimeslatten. Hejmjorda tydde nok i viuare tyding både akrar og eng og alt som heime var av brukbar mark. Men oræt kunde ofte verta brukt om berre enga. Han har fatt siege hejmjorda, og liknande nemningar kunde ein høyre kalla som det var. Og då meinte ein at enga heime var slege, akkane kunde gott sta att unausta. Men dei kunde og nyttा andre nemningar. Som til dømes: Det er teke til med slatten heime. Heimeeng og heimeslatt kunde og verta brukt, eller dei kalla det sittmarka og da med serieg tanke på heimeslatten. I sume høve kunde eng verta serieg om heimeslatten og uteng om slatten borte. Ein kunne høyre orðet som: Enga sollar fint lar. Og det med tanke på heimeslatten.

Utslatt var eit ora som vart lite nyttा og da om slatt på marka ein ikkje rekna for eng. Uteng var den mest nyttा nemninga. I stednamn på uteng var eng vanleg. Eg skal nemna nokre døme: Areng og Sjaeng på Børjeyyr. Storeng og Lesseng i Lomsdal. Lieng, Stakklieng og Laeng i Tötungsdal. Dette vis at eng var ei mykje nyttा nemning

om uteng. I stadtann p i ymse delar av heimjordaa var eng skjerdan nytta. Der hadde ein andre nemningar.

Ordet ekre var eit vanleg nytta ord, attlegja noko mindre. Attlegja var ein åker som nett var lagt til eng. Ekre var nemning på all eng som hadde vore aker ei tia. Det vara så lenge som det vaks grasslan som lika a veksa på lobore jord. Si ekra kunde gå heilt over i voll om det sklinnast ut på enra.

På heimeenga hadde dei ymse nemningar etter kvalitetem. Ekre er aitt nemnt. Bakkerslatt kunde og verta nemnt. Sa snakka ein om lograsmark eller lograseng. Eller ein snakka om fraua mark og lobore mark. Tjukkeng kunde òg verta namnt. Det kunde og verta teke omsyn til kva gjøsel det var nytta til engen. T.d. kunde ein segja manniorteng eller manniortekre om eng som hadde vorte gjøg gjøasla med manniort. Mark som ikkje var gjøasla hadde og ymse nemningar. Vanleg var vollmark og vollhøy om eng som ikkje var gjøasla og det høye ein rekk der. Ein kunde òg snakke om snauraboar og snaumoar om eng der det var serieg lite gras. Så kunde det nemast bladgrasmark og stragrasmark etter grasslaga om vaks der. Vaks det mykje av eit einskilt gras kunde ein og tala om t.d. finnskjeggvolien eller smøieflata.

Ein hadde ulike namn pp grøvare og finare høy. Grovgrashøy var høy serleg av storgrøfte, hundsløyk og liknande vekstrar. Lohøy var høy frå gjøasja mark som og var noko grovt. Smähøy kunde vera smatt høy bade av gjøasja og ugjøasla mark. Vollhøy er aitt nemnt ovenfor. Så kunde ein òg tala om ekskernhøy, hesjehøy o.s.o.

Der det voks mykje gras ute i vatn som takrøyr, elvsnelle og liknande kunde ein endå snakke om ein sevslått etter den andre slåtten var slege. Sevslått kunde verta slege sa seint at det vart slege på isen om hausten. Men sevslått var det ikkje på mange gardar i Velfjord.

Eng som lag utanom heimjorda vart kalla uteng. For a verta kalla eng laut marka verta slegen nokolunde arvisst. Der dei hadde mykje uteng kunde dei likevel slå berre annakvart eller tridjekvart året. Kvart eng hadde si lade, eller visse stakkstø. Av og til kunde ein likevel ha høyet frå to eng til ei lade, når det lag slik til at ein kunde køyre.

Pa einskilde gardar hadde dei slått som berre ein og annan gongen vart slege, det vart ikkje rekna for eng berre utslatt. Etter staden det lag til kunde ein her taia om fjellslatt, myrslatt eller liknande. Slik slatt kunde ligja i rabbgraslier eller på grasgjennor i liene og fekk da nemn etter staden siatthen gekk for seg.

Noko skilje millom langorvslatt og stuttørvslatt har her ikkje vore det eg veit i nemningsmåten av enga. Likevel kunde dei skilje noko millom enga etter godieiken. Ein kunde saleis skilja millom eit skrapeng og eit årvisst eng. Likeins millom anten det var skogmark eller strandeng og anna. Ein skilde og millom anten det var lade i enget eller ein laut setja høyet i stakk.

2. Rydjing av jord gjekk for seg mest på eller inntil heimjorda såleis at engstykket unde legjast til denne. Ved rydjing av eng vart oftast den veden som egna seg til brensel køyrt eller bore heim til brenneved. Oftast var det om hausten slikt

arbeid vart gjort. Ikkje skjeldan vart lauvtre hogge og lauva og veden hatt heim til gards. Dette vart som oftast gjort i lauvonna etter slattonna var gjort om somaren, altsa på haustparten. Slik rydjing vart gjort der ein ville få til ny eng der det ikkje hadde vore eng før, eller der enga helt på a veksa over med skog.

Om våren var det fast skikk at enga skulde reinskas. Såsnart varonna var over og folk fekk så mykje tid at det gjekk an skulde engreinskinga taka til. Kring akrane vart det raka vekk stein og jordklumper som var kome bort på enga frå arbeidet på akrane. Til dette arbeid vart nytta ei vanleg rive av dei ein elles nytta i høyonna. Men og anstas skulde enga reinskas. Ein stad var det ein bekk som hadde skredd eller runne over breiddene om vinteren og hatt stein og skrot inn på enga.

Det skulde vekk. Anstas var kvist brote av trea, den skulde plukkast vekk frå enga. Kansje låg det sume stader kvist at etter ein eller annan hogsten om vinteren, den skulde legjast slik den ikkje hindra slåtten om somaren. Under engreinskinga kunde og kvistar verta vekkutta av trea, når dei stod slik til at dei skjygde for mykje eller dei på annan måte var iven.

Når ein rudda eng saga eller hogg ein berre trea ned. Når ein rudda eng skulde ein stuva høgt, for da rann det ikkje så lett opp av rota. Slik rydjing skulde og ga for seg i minkan måne, så dei gamle, for vart det rudd i vaksan måne rann skogen så fort opp att. A rydja slik at ein tok treeit opp med rot var mest nytta når ein skulde rydja jordstykket til aker. Da hogg ein av røtene til treeit fall ikoll.

Åkrar som vart lagt att vart som oftast
 lagt att etter det hadde vore sadd korn i dei. Kornet
 vart harva eller hakka ned med grev og noko meire
 vart ikkje gjort for a få marka jamn til den seinare
 slatt. Året etter det hadde vore korn i åkeren vart
 han i tilfelle attlegja. Han skulde da om våren
 reinskas for stein. Det vart rekna for ein fordel
 at det var noko stein i ein åker, kornet skulde
 mognast sa mykje snarane då, for det vart varmare
 i ein åker der det var stein eller i ein åker utan.
 Men steinen skulde helst ikkje vera så storre enn eit
 hønseegg. Men om steinen ikkje var sa stor var han
 ikkje heldi a ha i engen når ein skulde sla.

Kvisten som vart når ein ruppe eng
 vart lagde i dungar, kvistdungar eller riskvist=
 dungar dei kalla. Oftast fekk vel desse dungane
 ligja til dei rotna, men sumtid vart det brende.

Dei vart da brende om varen. Men noko gjødsel held
 dei ikkje oska for å vera. Det kunde da einast vera
 at dei brende kvistdunger dei hadde lagt over heile
 åkerstykket og så sådde bratenepe i stykket etterpå.
 Men før noko eigentleg gjødsel vart visst ikkje os=
 ka rekna for da heller. Bratenepe trong ikkje gjød=
 sel når ho vart satt der det var brent, sa dei.

At dei ruppe større og mindre stein
 bort fra heimeeng og uteng er sikkert gamalt.

I 1800 - 1890 åra kjøpte ein Gutormson eit stykke
 av Hilstad og rydde det opp. Før rydninga var det
 berre stein i stein. Dei mange og store steinrøyser
 vis enda etter arbeidet. Men gamle steinrøyser vis
 at folk mykje lenger før den tid har rudd vekk sten
 fra enga. Oftast var det vel einskilde steinar dei
 hadde vekk når høva var sa. Men stundom kunde dei
 taka seg ei tid for å rydda eit engstykke for stein.

Det var nok serleg på heimjorda det vart rudda for stein, men steinar vart og hatt vekk i utenga når det høvde så. At dei sprengde vekk Stein med sprengto var visst skjeldan. Men dei kunde grave kring steinen og brukta vager og sleipor for å få han vekk. Eg kan sjølv minnast slik steinrytering fra nittåra og det har heilt visst gatt for seg på same maten fra gammalt.

Mosevakse jord vart det visst gjort heller lite med. Olaus Granaas fødd kring 1650 pla brenna mosen vekk med gjødsel. Han la ei heller tjukk flo gjødsel over det engstykket mosen skulle vekk på. Den kraftige gjødselinga tolde ikke mosen og det vart fin lograsmark etterpå. Men store viader kunde ein ikkje taka for hvor gungjen på den måten, gjødsla attrakk ikkje til. Some stader brende dei visst og mosen vekk med tang. Det breidde da eit tjukt lag tang over moseenga. Men kor langt att i tida dette går torer eg ikkje segja. At dei sonda vekk mosen med slo og riskeavfall hende visst og, men noko vuare greie på framgangsmåten han eg ikkje gjeva.

Det var visst at dei kjøpte grasfrø hende visst ikkje før i tida. Men dei kunde taka løveoppnop, frø som var falle ned av høyet på lemmen om vinteren. Det var visst serleg i att å legga dei sådde dette oppnopet, men det er ikkje umogleg, at det vart sådd på gammal eng for å friske denne opp. Men heller visst har eg ikkje fatt dette oppgjeve. Rett ofte vart elies enda att legga berre attlagt utan at det vart sådd noko i...

At dei sådde frø av engplanter som hadde ræ av på høyemmen har eg hørt av gamle folk, og

den-skikken er viss ⁷ nokså gammal. Det var serleg i gamle akrar som ikkje augue lenger til aker at dei sadde slikt frø.

4. Gamle veiter vis at dei fra eldgamal tid allvisst har grave ope veiter for å leida vatn vekk. Some stader er det små tjønnar dei på den maten har leid vekk. Andre stader er det overflatevatn som er leidd vekk. Noko planmessig grøftning av myr som i nyare tid har det viss ikkje vore gamalt. Men ein-skilde grøfster er teke i myr og vasssjuk jord gamalt og. Eliseus Lomsdal fødd kring 1650 fortalte at han under nydyrkning støytte på ei gammal veit i myrvore lende. Denne veit laut vera teke kanskje før 1800.

Noko eigentleg vatning av eng har det viss ikkje vore her. Neaburden her er så rikeleg at det er skjeldan tale om turke i noko vidare mun. Vatning av anna enn hagevokstrar veit eg ikkje om at det har vore nytta her.

5. Eng og uteng har fra gammalt vore gjøasla med vintergjøasel. Allvisst kring 1840 var gjødsling i bruk. Men like opp til nyleg har det vore folk som trudde det var heller skadeleg å ha gjøasel på eng. Etter desse sisste si meining skulde ein ha mange og små akrar og gjødsle desse godt, sa vart det så rikeleg gras ~~maxx~~ på akereinene. Kva syn av desse to er eist torer eg ikkje segja. Men at gjødseling av eng er svert gammalt er sikkert. Likevel finn ein at dei gammalt dei fleste stådernar har hatt mange og heller små akrar. Likeins vert det fortalt at det hende dei laut flytta fjøset for gjødaselaunga vart for store. Men slikt var vissundantak og slike folk vart rekna for udugane bønder.

I Dette eiste folk eg nar snakka med har fortalt at
 sa langt att i tida dei visste om har det vore
 vanleg a gjødsia enga. Eg kan nemna Hans Strompaal
 fødd 1040, Eliseus Lomsdal fødd kring 1050 og Olaus
 Granas av same alder. Noko viss part av vintergjødsia
 vart visst aldri teke. Det vanlege var at akrane
 fekk det dei skulde ha og den gjødsia som var att
 vart hatt pa enga. Dassgjødsia vart altid hatt
 på enga, grisgjødsia vart visst og skjeldan hatt
 på åkeren. Sidan potene kom i bruk var det serieg dei
 som skulde ha småregjødsia. Det vanlege var visst
 at når dei gjødsia enga , så vart det krafti gjød=sla.
 At det vart rekna med noko visst lasstålli for
 kvart mål jord har eg ikkje høyrt om . Under omtalen
 av rydning av mose er nemnt , at ein brende mosen
 vekk med gjødsel. Samstundes vart og enga sjølvsagt
 sterkt gjødsia. Det vanlege var visst at det vart
 sterkt gjødsia dei gongane det vart gjødsia, men
 så var det ars milliomrom milliom kvar gong det vart
 gjødsia.

6. Det vanlege ora for gjødsel var frau
 eller lo. När dei gjødsia sa dei at dei fraua eller
 at dei loa marka. Bæ uttrykka har eg høyrt brukt
 om ein annan. Eit engstykke som vart gjødsia kalla
 dei fraua mark , mogleg og fraueng. Var det lengre
 tid sidan det var fraua kalla dei det løbere mark.
 Var det ekror som vart frau vart dei ikkje nemnne
 eng eller mark, då var det frau ekror eller løbere
 ekror . Høy fra gjødsia eng vart kalla lograshøy eller
 lohøy . Orte vart høyet fra ekror rekna med i lohøy=et, men det kunde også verta kalla ekkerhøy.

7. Det var vanleg å setja fjos , serleg

sumarfjøs, slik at ein fekk nytte av losiget fra fjøset. Sumarfjøs vart ofte sett eit gott stykke fra dei andre husa for at det skulle vera lett= = = = = vintrare a fa gjødsel til engstykke det elles vart vant a koma til med gjødsei. Ein gammal sumarfjøs i Strompaal som truleg var oppsett for eit par hundre år sidan, har dei sikkert teke omsyn til gjødsla da han vart oppsett, sa det har nok vore så fra gammalt. Dette skulle og tyda på at gjødsling av eng er isvert gammal. Men og heimefjøs var det vanleg å taka omsyn til at ein fekk nytte av gjødsla. Sig fra fjøs eller tun der det var gjødsei i siget vart kalla losig. Det kunde verta grave sma veite for at losiget skulle spreida seg, men vanlegast fekk det nok skytta seg sjølv. Eg har hørt om ein gara aer fjøs var sett ner ein bekke. Denne bekken kunde demmast opp slik at han kom til a renna gjennom mykkaungen. Sa vart det grave sma veite sa at losiget gjødsia ei heller stor flata nedanfor fjøs. Men slik gjødsling var ikkje vanleg. Det var fanfjøser ein kunde setja slik til. Noko serleg namn på engstykket losiget rann gjennom har eg ikkje hørt.

Det var vanleg at akrane vart lagt opp i bakkar eller på naugar sa losiget fra dei skulle gjødsia enga nedanfor.

O. Det vanlege var a gjødsia enga om varen. Hendesvis kunde dei ha ut enggjødsia om hausten. Stort sett dei same reiskap som til akergødsling vart nytta. Gamalt vart visst gödsia køyrt ut på siede, hjusieden er og svert ga=

mai i bruk. Sieden dei køyrdet var kalla mørkkesleden og var noko stuttare enn ein annan sledo. Ra sidene av sieden var der karmar, mørkerekarmen dei kalla. Mørkkersieden hadde eit tett botn av bord istadenfor remmar på vanlege sider. Staden der gjøsla låg ved fjøs var kalla mørkerdungen. Til å legja på sieden med er mørkergafelen dei kalla vore i bruk allvist det siste hundradåret. Men eg har hørt fortalt at før brukta dei ei jarnskodd trereka til å lessa på med, mørkerekka. Når dei kom til sieden der gjøsla skulle lessas av tok dei mørkerekken av sieden og velte gjøsia av. Etter gjøsia var utkøyra vart ho hakka smatt med eit gret og spreita ut som dei kalla det. Til a spreita med nyttet dei mørkerekka. Etter gjøsia var spreita skulle ho rakast. Det er og minning om at harde store gjødseiklumper vart slege sund med ei mørkerklubba. Gjøsia vart raka med rive. Et vanleg høyrive kunde nyttast, men vanlegare vart ei noko grøtere arbeida rive, mørkkriva, nyttet. Gjøsia kunde og verta køyra sunu. Då brettet man uei saman nokre risbuskor, risveddroga dei kalla, og køyrae uei bortetter marke. Men avtastet vart det raka med mørkkriva etterpå. Den jarnskodde mørkrekka var nok i bruk ned til 1870-åra, men vart då etter kvart avløyst av mørkergafelen av jarn. Vognene avløyste mørkkersleden fram mot sisteste hundradarskiftet.

9. Å sleppa kry krøtera på innmarka når heimjorda var avhausta var det vanlege. Låg utenga såleis til, at beiting var lagleg vart

desse og avbeita etter slatten. Beiting på heimjorda om varen var og det vanlege. Denne beiting vart mest berre gjort for å spare på inneforet. For utenga kunde det også spela inn at dei slapp verna for enga lenger enn til det var avslede, så dei spa på gjetinga ved å sleppa dyra over. At beiting vart gjort med tanke på gjødsla har eg ikke hørt om. Dei held det likevel for, at eng som var beita gav betre og finare for enn ubeita eng. På ubeita eng skulde grovgras ha lettare for å setja seg til. Det fanst eng som aldri vart beita, men det var fordi denne eng lag saleis til at det ikke var laglegt å beita der, helst var det vegen skuld i det. At noko eng skulde beitast om våren og anna om hausten har eg ikke hørt nemnt.

10. Det er vorte ikke rett lite skifte med beitinga i seinare tid. Det er meir og meir vorte vanleg at ein slår berre heimjorda og at utenga er lagt ut til beite. Beiting på heimjorda er meire og meire gatt av bruk. Dette omskifte er kome etterkvart sidan hundradårskiftet og kansje serleg dei siste tyveåra.

11. Når ein reinska enga om våren, så skalde ein og jamna utover den gjødsla dyra hadde lagt etter seg på beite på enga. At dei hadde nok anna reidskap enn rive har eg ikke hørt om, oftast brukte dei berre ei vanleg høyrive, men dei kunde også bruka den riva dei pia raka gjødsel med, loriva eller mørkerriva som er nemnt under. Serleg hestegjødseldungane var slege sund og raka utover, dei hefta slatten om dei vart ligjande.

12. Fra gammalt er det vanleg å ha krøtera i sumarfjøs om sumaren. Sumarfjøs var mest altid oppsett ved ein utkant av heimjorda slik at ein fekk nytte av losiget fra fjøset og slik at det vart lettvintrare å få gjødsel til avsides ligjande stader av heimjorda der det var vant eller mykje arbeidsamt å få gjødsel til fra vinterfjøs. At sumarfjøs vart oppsett attmed uteng har eg ikkje hørt noko døme på. Sumarfjøs kunde stå heller langt fra dei andre husa, men enga der det stod vart rekna med til heimjorda.

Det var elles ikkje altid dei i gamle dagar hadde Krøtera i sumarfjøs om nettene, dei fekk overnattet på annan måte. Sjå nerare om dette i svar nr 13. At dei hadde meir enn ein sumarfjøs høyrde til dei reine undantak. Eg ser da bort fra, at dei vanleg hadde sumarfjøs både heime og på setra. Det var sagtens ikkje altid dei hadde krøtera i hus om nettene på setra heller, men på dei setrar eg sikkert veit om har dei hatt sumarfjøs oppsett. (Sjølv sagt ikkje ~~sumarfjøs~~ vinterfjøs). Det er elles så lenge sidan det vart slutt med sæterstell i Velfjord, at ein veit ikkje rett korleis det var. I Strompdal var det ei sæter som var nytta for ein otti år sidan. Det var fjøs og der har ikkje visst teik til nokon stor møkkdunge så langt att som ein seksti år, og da det heller ikkje vis noko teik til at der har vore akrar, sa lyt gjødsla ha vore hatt på enga. Så i gamle dagar har nok noko av sæterenga og vore gjødsla.

Gamalt var det ikkje altid dei hadde krøtera i fjøs om natta. Dei hadde dei da

i innhegningar, desse kalla dei grinnar . Grinnane var vanlegast ~~vanlig~~ oppset på heimjorda. Dei var oppsette saleis at dei kunde flyttast når dei ha stått på ein stad ei tid. Denne flyttinga kunde vel tena to fyremål . Skulde grinnane sta for lenge på ein stad vart jorda så opptrakka at det vart berre dya. Og når ein smatt flytta fekk ein større engvidda gjødsla. Det var elles vanleg før i tida at kyrne vart mjølka tre gong dagleg. Gjetting var vanleg den tida. Kyrne skulde tidleg ut og når det leid til midaags skulde kyrne staust. Dei innhegningar dei da vart hatt inn i vart ikkje kalla grinnar , dei vart kalla staular. Av staular kunde dei ha fleire. Dei var lagt slik i beite at det skuide høve å ha krøtera det utan a jage dei for lange strekningar. Ein staul kunde vera lagt i eit uteng , men ofte var dei sett på ein lagleg stad ute i beitemarka.

Sumtid kunde dei og late krøtera overnatta ute utan å ha dei i grinnar. I Lomsdal i eit eng som kallast Seterlia stod dei eit stor flurgran som hadde vorte nytta til fjøss. Det var drive kilak kilar inn i stammen og til desse var kubanda fest. Korleis gjødsia i slike nøve vart nytta har eg ikkje høyrt om, men truleg vart gjødsla hatt utover enga.

14. Etter det gamle folk fortel skal det som alt nemnt vore vanleg å ha krøtera i grinnar om nettene . Men det ligg nok ein otti til hundrad ar att i tida. Korleis dei var oppsette har eg ikkje fått rettelig greide på , men som

namnet segjar var dei oppsette av grinnar med eit grinnled til å ha krøtera inn i grinnane igjenom. På kvar sida av grinnledet hadde dei ein grinnoke for å stengja grinnledet. Korleis det vart gjort med gjødsla har eg ikkje høyrt nerare om, men truleg vart den raka utover liksom ein gjorde når ein køyrdet ut gjødsel.

• 315. Kva dei gjorde for å halda udyr borte frå grinnane har eg ikkje høyrt nerare om.

16. Det var vanleg at det lag folk på vagt ved grinnane. Det var oppsett eit grinnhus og i dette låg vaktmannen om natta. Dette huset var laga slik at det kunde flyttast samstundes som dei flytta grinnane. Savitt eg har fått oppgjeve var det vaksne folk som låg vaktmenn i grinnhuset om natta medan det vanlege var at det var framvaksne born som var gjetarar. Kva regel dei gjekk etter i så måte har eg ikkje fatt oppgjeve. Men så vitt eg kan skynna var det skjeldan husbandsfolket sjølv som lag vakt. Derimot har eg høyrt om drenger, tenestgjentor og vaksne born som har lege vakt i grinnhuset. I den tida da det var så mykje udyr var vel og denne vaktmannsjobben eit viktig arbeid. Truleg hadde dei grinnhus like lenge som dei hadde krøtera gåande i grinnar.

Det er no for lenge siden slutt med bæ delar.

Det var mykje gott slutt med grinnstellet alt i 1860 ara.

Bruk av grinnar til å hankrøtera i omnettene er så gamalt at folk ikkje no minst mykje til det. Allvisst før kyrnenda. I Sauene har dei derimot einskilde stader hatt innenbi grinnar som nettene til ikkje lengesidaan, men det er meire eit sersyn og desse grinaane har vore mindre flytta og ikkje har det vore hus attmed dei.

Frå gammalt har eg høyrt, at dei pla ha kyrne i somarfjøs i stykt ver, men ha dei i grinnar om berre veret var så pass det gjekk an. Dette skulde vel tyda på, at det var mykje for gødsla sin skulde dei brukta grinnar. I ei segn fra ein gard fortels det, at gammalt var det så mykje bjørn som før. Eingong kom det ein bjørn heim til grinnane, vilde velnsja seg etter leitt eller anna bytte. Gjetartausa lag i grinnhuset, men veret var sa ufysis at krøter var hadd inn i sumarfjøs. Bjørnen for og snusa på grinnane ei tid, men da der ikkje var krøter, for han sin veg. Om grinnhuset fortels det i dette hove, at det var oppsett av bord. Og det var vel det som var vanleg.

17. Gjetarane hadde mat med i gjettelmarka. Middagsmaten vart då vanleg eten etter dei kom til istaulane med kyrne. Som oftast gjette dei kyrne og smafeet ilag. Eg har høyrt nemnt gjettarbata og gjettarmat om maten dei ha med. Gjetarbata var når det hende at gjetaren fekk ein omframt god matbit med av ein eller annan grunn. Nar dei kom heim til grinnane om kvelden med krøter fekk dei kveldsmaten. Men eg har ikkje

høyrt noko serskilt namn på den maten. Det er mogleg dei gjetarane kunde få ein liten matbit med same dei kom til grinnanane, men eg kan ikke gjera nære eigráden for det. Krætera i skulde allvisst ha ein godbit, ein saltneve eller anna, med same dei kom. I m. stav hadde ena noko særer so ieb benjjsa ann stav. Jeg trof ene sij rømlo, f. Sauen fjes utan golvhár eg nok høyrt om, men ikkje vslike som stod på hjul.

Sauene kom noko heller i skjeldan i hus om sumaren, dei greide seg betre ut i alisiaks ver enn kyr og geit. Sauen var sikkert siept inn i grinnane om så deltanare krætera vart siept inn i sauarfjes.

Pansetrani Strømpdal var nifjøset oppsett salais, at dei hadde kyrne medan småfeet var i jordleiken i andre høgda.

I m. stav hadde ena noko særer so ieb. Jeg trof ene kru en ikkje nytt i dialekten her. Tred er heller ikkje nytt i dialekten no, men er visst vorte nytt gammalt. Stadnamnet Bay Trøan kjen truleg av dette ordet. Eg er ikke heilt sikker på tydinga, men eg trur det tyder eit innhegna engstykke etter den tyding aet her er vorte lagt i det. Trodningtag og teppa høyrer ikkje til i dialekten her. Sigd Ordet stø er vorte nytt i mymse have, men snaut i same tyding som kve. Nerast ligg. truleg grinnstø dei nemme gammalt, det var den staden dei plå ha grinnane staande på. Kanskje er aet og same ordet i stakkstø, underlaget for ein høystakk, men eg tørre ikkje segja det visst. Stø er ikke nytt. Stø er ikkje vist, men nifjøset ieb har støgtin

er truleg same ordet dei utaler staui her. Den
staden dei staula krøtera nar dei mjølka til
middags. Trød (Trøan) er bruk i gamle stadt
namn , staui er og bruk i stadt namn og da fra
utmarka.

I sig ikkje nestrevis noko . Ieabba xixazake
ekspansjonen gav land eit hjel si i litt til iato

20 . Inngjerda sättemark på sætra har
eg ikkje hørt om og var truleg lite brukt . I
den tid dei dreiv med satrar pla dei altid gjeta
krøtera og da trongst det mindre om gjerde. Den
einaste som ikkje vart gjet var hesten og han
var ikkje med på sætra , han han gjekk heime i
den vanlege hamningen sin han. Om enga attmed sæ-
tra var det nemningar som Sætervollen , Sætermoen
og sa bortetter. Og samann var sæterenga .

Det er heitt slutt med sæterdrifta her
i Velfjord . Ein av grunnane til dette var at det
vart vandare og vandare a fa foik. Etterkvart
som heimemarka vart betre rudd og oppdyrka vart
det og mindre bruk for sæterdrift .

21 . Enga vart nok gjødsla med anna
enn nuseyrgjødsel , men husdyrgjødsla var det
utan samanlikning viktigaste gjødsleiemne. Dass-
frau vart som før nemnt nytt til gjødsel pa
eng. Den var halden for a vera gjæv gjødsel , men
vart vist aldri nytt til aker, berre til eng.
Fiskeavfall som si og anna vart nytt til gjød-
sel, sild som hadde vorte skjent likeins ja Grovare
fiskeavfall som ryggjeben og hovud av fletti fisk
vart vel mest nytt til aker, smørre avfall og
til gjødsel på eng . Men noko stor rolle spela

nok ikkje slike gjødslemne på gardane i Velfjord.

Tang vart visst mest nakk nytt til å brenna vekk mose på gamalt eng, men gjødsia då og samstundes. Men tang vart og nytt til å brenna gjødsel. Johan Sivertsen på plia i otti og nitti åra køyrae tang opp på enga fra fjera om hausten. Tangen låg så på marka vinteren over, når våren kom vart han raka vekk og brent. Eg nemnde at grøvre fiskeavfall vart mest nytt til åker, men det hende dei gjødsla engmark og med slik gjødsel. Dei stakk då hol ned i marka med ein spade og stakk fiskeavfallet ned i og trakka til med foten. Dette vart gjort noko for at ikkje fugl skulde koma og eta eller bera vekk gjødsla. Elles skulde vel og gjødsla betre koma jorda til nytt då. Det kan elles henda at heilt utan nytt helt dei ikkje oska heller. Maria Strompdal fortel at ho har hørt dei gamalt pla strø oska ut over enga helst der det var mykje mose, det skulde brenne vekk mosen og gjødsla marka.

Det var noksa vanlegt gamalt og at dei brukta strø i fjøset. Det var helst neimose (gramose) dei brukte til strø. Dette strøet vart blanda saman med gjødsla og brukt som gjødsel. Til a auka gjødsla brukte dei og stundom å ha myrjord i gjødseldungen. Kor gamalt attende dette kan gå kan leg ikkje gjera nerare greide før. Det er allvisst vore i bruk kring 1800 talet, men nok aldri i nokon stor mun. Som oftast var det tida det skortar på. At dei betra åkeren med å køyra

myrjord på skarp jord Og sand på meire myrblanda jord var og kjent, truleg langt attende. Når akeren vart lagt att til eng hadde sjøivsagt denne jordbetring sitt å segja for enga og.

Gardsdrivta gamalt gjekk visstnok i stor mun ut på a nytta ut best rad var den gjødslaein hadde. Av Johan Fjeldet har eg hørt, at bestefar hans, Steffen som dreiv Kolbensfjell kring 1820 pla gjødsla sterkt til ~~xxx~~ poteter første året andre året ~~sau~~ han bygg i akeren utan gjødsling, tridjet året havre likeins utan gjødsling. Vart akeren attlagt var det etter havre, men enga vart da som regel sterkt gjødsla første året.

Sagmask (sagrasp) ~~xx~~ og anna skrot fra vedskotet vart og stundom nytta til gjødsel, anten som strø i fjøset eller det vart beinveges køyrt på akeren. At det vart nytta til gjødsling av eng beinveges var truleg skjelaan. Men at haven vart gjødsla med slik gjødsel året før attlegjing var ikkje så skjeldan heller. Det kunde sjølv sagt vera mang som hadde blanda seg i sagmåsket medan det lag i eller utanfor vedskotet. Der det var mykje born og katter kunde det og vera iblanda verkjeleg gjødsel og.

Heime ved husa hadde dei skyllevatnet fra kjøken og huset elles til å gjødsla med. Serleg stor vare tok dei nok ikke ~~xx~~ på slik gjødsel, skyllevatnet vart berre slepe ut etter som det høvde, men det gjødsla då. Og heime kring husa rekna dei ofte dei fekk beste lograset attat ekkerhøyet. Ofte var det overflatevassik som førde skyllevatngjødslinga lenger utover. Det hende dei laga sma veite for å få det dit dei vilde.

22. Gamalt skulde folk leva mest
 berre av gardane sine , attat innntektene var som
 regel ikkje store. Fra det vart bermark om varen
 til snøen kom om hausten var det difor ei mest
~~hukkubroten~~ arbeidstid. Og da krøterhaldet var
 det ikkje minst viktige hadde enga og ein stor
 plass i den gamle gardskulturen. Det galt å ut=
 nytte garden og enga så sterkt og så godt det lett
 seg gjera etter den tids viten om jorda og jord=
 stellet. Dette får ein eit sterkt inntrykk av når
 ein hører om gamal tids tru og skikk. Det var
 ikkje berre arbeid som skulde til for a halda enga
 i den hevd den skulde . Det var og somt anna som
 skulde gjerast. For a nemna nokre døme. I jonsok
 gjekk bonden og kona hans rundt kring åkrar og
 eng medan dei song : Nu er jonsokaften kommen,
 våger , våger åker og eng , skynder dig under
 sne og regn. Det var ein religiøs kultus med eld=
 gammal opphav. Elles var det sa mangt dei hadde
 a taka vare ~~hukkubroten~~ på. Det religiøse gjekk ~~hukkubroten~~
 segja jamsides det materielle kan ein segja for a
 få eit gott resultat.


Kordel
Velfjord

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSKE FOLKE-MUSEET.
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over kksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret nekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det? *Nei.*



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel? *Nei.*

Har ein brukta kumøkk til brensel? *Nei.*

Fiskebein kunne nyt av og til verla kasta grøn dross og brenst, men var aldri rikom for brensel.

Hurt Slorvagdal